

# Utgreiingsnotat

## Vinterskadar i fruktproduksjonen

### Innholdsliste

1. Innleiing .....	2
2. Kartlegging av skadeomfang i fruktproduksjonen i landet .....	2
2.1 Kartlegging av skadeomfang med statsforvaltar .....	2
2.1.1 Statsforvaltar i Vestfold og Telemark.....	2
2.1.2 Oversyn søknader om tilskot ved produksjonssvikt for 2021 .....	5
3 Samla tilbakemelding frå aktørar tilknytta fruktneringa .....	5
3.1 Situasjonen og skadde tre .....	5
3.2 Tilgang på ny tre .....	5
3.3 Situasjon på etablering av nye felt .....	6
3.4 Konsekvens for dyrkerne.....	6
4. Vurdering av tilgjengelege økonomiske ordningar .....	6
4.1 Erstatning for naturskadar .....	6
4.2 Produksjonssvikt.....	7
4.2.1 Kva ordninga dekker.....	7
4.2.2 Vurdering opp mot skadeomfang .....	8
4.3 Produksjonstilskot .....	8
4.3.1 Innleiing .....	8
4.3.2 Arealtilskot .....	9
4.3.3 Tilskot til grønt- og potetproduksjon .....	10
4.4 Investeringstilskot .....	10
4.4.1 Innovasjon Norge .....	10
4.5 Forsikringsordningar .....	10
4.5.1 Gjensidige .....	10
4.6 Andre tilskotssordningar .....	11
4.6.1 Erstatning etter offentlege pålegg - planteskadegjørerere.....	11
4.6.2 Andre kompensasjonsordningar .....	11
5. Vurdering av ordningar samla sett.....	11
5.1 På kort sikt.....	11
5.2 På lengre sikt .....	11
6. Referansar .....	12

## 1. Innleiing

Etter oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) den 7. september 2021, har Landbruksdirektoratet utarbeidd eit notat med bakgrunn i skadar som har oppstått på frukttre i delar av landet etter vinteren 2020/2021. Landbruksdirektoratet har i samarbeid med statsforvaltaren (SF) kartlagt omfanget av skadane, og vurdert tilgjengelege økonomiske ordningar for fruktproduksjon. Det er gjort ei samla vurdering av tilgjengelege økonomiske ordningar på kort og lengre sikt.

Vinteren 2020/2021 gav skadar på frukttre i delar av landet. Det er rapportert og registrert omfattande frostskeidar i frukttre i fleire regionar, men Vestfold og Telemark er regionen som har størst skadeomfang. I tilknytning til produksjonssviktordninga rapporterte Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark at det stadvis var frostskeidar på frukttre, trass i tal som viser gode avlingar sommaren 2021. Med bakgrunn i at det vart registeret omfattande frostskeidar på frukt i fleire regionar tidleg i sesongen, vart det sendt eit brev frå Gartnerhallen SA og Nordgrønt SA til LMD i 07.06.2021 for å orientere statsråden om situasjonen.

Hausten 2020 var prega av mykje regn følgd av særskildt kaldt ver i januar og februar, berrfrost som resultat. Dette kan vera ei årsak til frostskeidar denne vinteren. Tidleg på sommaren vart det rapportert til statsforvaltarane om felt som var hardt skadde, og etter vidare undersøkingar vart det sett i gang ei nasjonal kartlegging av skadeomfanget sommaren 2021. Tilbakemeldingane til statsforvaltarane og kartlegginga danna grunnlag for dette utgreiingsoppdraget.

## 2. Kartlegging av skadeomfang i fruktproduksjonen i landet

### 2.1 Kartlegging av skadeomfang med statsforvaltarane

Landbruksdirektoratet sende i midten av september 2021 førespurnad til statsforvaltarane om å rapportera om frostskeidar på frukttre i sine respektive regionar. Av desse svarte statsforvaltarane frå Agder, Troms og Finnmark, Vestfold og Telemark og Trøndelag på førespurnaden. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark stadfesta at det i regionen deira var store frostskeidar i fruktproduksjonen, og opplyste om at det var gjort ei grov nasjonal kartlegging i sommar for raskt å få eit overblikk over situasjonen. Denne kartlegginga utgjer grunnlaget for vurdering av skadeomfanget som det blir gjort greie for nedanfor.

#### 2.1.1 Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

I slutten av juni 2021 tok SF Vestfold og Telemark, og dessutan Gartnerhallen og Nordgrønt SA, initiativ til å kartlegga omfanget av skadene. Det vart sendt ut eit felles brev til fruktprodusentar med førespurnad om omfanget av frostskeidar. Svarfrist var sett til 20. juni 2021. Teljinga skulle gjerast etter visse kriterium. Fruktprodusentane skulle

- notere totalt plantetal i feltet med skader,
- Feltvis telje skadde tre etter kriteriet om ny skotvekst på under halvparten av uskadde tre i eit felt, og samtidig sjå etter fargeforandringar i bark, nakne parti på greiner, stort/totalt kartfall og unormalt små blad, og
- notere alder (frå planting) og sort for felt med skade.

Det vart ikkje gjennomført purring på manglande svar, og tala må derfor reknast som minimumstal.


Det vart registrert eit totalt omfang på 114 833 skadde tre, der 99 448 av desse er epletre, 5775 er plommetre, 5439 er morelltre og dei resterande er høvevis pære, kirsebær, fersken og aprikos. Skadde tre kan i denne tydinga òg vere tre som er daude. Tala er fordelte på kor mange fruktprodusentar som har rapportert inn til pakkeri eller område. Dette gjeld: Finstad, Fjordfrukt, Innvik, Molde, No, Ryfylke, Sogn, Telefrukt Coop, Telefrukt GH, Fellespakkeriet og uavhengige fruktprodusentar. Denne kartlegginga gir eit grovt overblikk på omfanget basert på svar frå fruktprodusentane og pakkeria deira/område i gitte område i juni/juli 2021.

**Tabell 1.** Kartlegging av skadeomfang sommaren 2021 per område/pakkeri

Pakkeri/ område	Fylke	Apri kos	Eple	Fersken	Kirsebær	Morellar	Plommer	Pære	Samla tal tre
Finstad	Innlandet	-	1 815	-	-	-	-	-	<b>1 815</b>
Fjordfrukt	Vestland	-	993	-	-	-	-	-	<b>993</b>
Innvik	Vestland	-	-	-	-	-	14	-	<b>14</b>
Molde	Møre og Romsdal	-	700	-	-	-	-	-	<b>700</b>
Nå	Vestland	-	30	-	-	-	-	-	<b>30</b>
Ryfylke	Rogaland	-	3 776	-	-	3 170	1	610	<b>7 557</b>
Sogn	Vestland	176	2 184	120	-	1 431	181	1 310	<b>5 402</b>
Telefrukt Coop	Telemark, Buskerud og Vestfold	-	28 073	-	-	801	497	1 350	<b>30 721</b>
Telefrukt GH	Telemark, Buskerud og Vestfold	-	38 979	-	303	37	2 686	302	<b>42 307</b>
Felles- pakkeriet	Viken	-	22 496	-	-	-	2 396	-	<b>24 892</b>
Uavhengig	Telemark, Buskerud og Vestfold	-	402	-	-	-	-	-	<b>402</b>
<b>Samla sum</b>		<b>176</b>	<b>99 448</b>	<b>120</b>	<b>303</b>	<b>5 439</b>	<b>5 775</b>	<b>3 572</b>	<b>114 833</b>

\*Tabellen viser det samla talet tre rapportert inn til pakkeri/område, og ikkje skadeomfang på produsentnivå.

Kartlegginga omfattar tilbakemelding frå 114 produsentar. Desse har gjort ei vurdering av eigne felt basert på dei nemndte kriteria. Tala omfattar skadde og daude tre. I tabellen kjem det fram kor mange og kva sortar tre per område og/eller pakkeri som er skadd. Området Telemark, Buskerud og Vestfold har størst omfang av skadde tre, følgd av produsentar knytte til Fellespakkeriet i Lier. Det er òg registrert skader i Ryfylke og Sogn, men av mindre omfang. Majoriteten av skadde tre er epletre, men det er òg høg skadedel for plommer, morellar og pære.




**Figur 1.** Viser 30 fruktprodusentar med lik eller over 1000 skadde tre i felt.

Kartlegginga viser til at det er ein stor del enkeltprodusentar som er særleg hardt ramma, der trea på heile felt må bytast ut. Figur 1 viser tal for 30 fruktprodusentar med meir enn 1000 skadde tre i felt. 60 fruktprodusentar har rapportert frå 100 til 1000 skadde i felt (ikkje illustrert i figur 1). For mange fruktprodusentar utgjer talet på skadde tre ein stor del av produksjonsfeltet og produksjonsgrunnlaget.

Fruktprodusentane har ulike fruktfelt med forskjellige sortar, som er ramma av frostskaadane i ulik grad. Tilbakemeldingane på kor stort skadeomfanget er jamført med det totale talet på tre i dei kartlagde felta varierer. Dei fleste har opplyst kor mange skadde tre det vart registrert jamført med det samla talet tre i eit felt, men det er nokre unntak. Frå denne tilbakemeldinga har 13 fruktprodusentar eit enkeltstående felt av ein fruktsort der talet på skadde tre utgjer 100%. Dette utgjer eit det samla talet på 17 616 tre.

Kartlegginga viser at det i hovudsak er unge felt, som er hardast ramma, sjå figur 2. Undersøkinga som vart utført sommaren 2021 gav eit bilde på dåverande situasjon, og det må takast atterhald om at situasjonen kan endra seg. Basert på faglege innspel frå NIBIO og andre aktørar, er det grunn til å rekne med at skadeomfanget er større enn det kartlegginga i sommar syner. Vêrforholda med ein tørr sommar og våt haust har gjort det vanskeleg for trea å hente seg inn etter frostskaadane frå vinteren 2020/2021 (NIBIO).



**Figur 2.** Viser tal på skadde tre mot aldersfordelinga. Det er i hovudsak unge felt i alder 1-5 år som er hardt ramma, og utgjer om lag 61 % av det samla talet skadde tre.

### 2.1.2 Oversyn over søknader om tilskot ved produksjonssvikt for 2021

Tilskot ved produksjonssvikt i planteproduksjonen har som føremål å bidra til å redusera økonomiske tap for produsentar som er ramma av produksjonssvikt grunna klimatiske tilhøve. Ved søknadsfristen 31.10.2021 var det i det elektroniske søknadssystemet Elf innsendt 39 søknader om tilskot for vekstgruppe frukt. Av desse er 18 frå Vestfold og Telemark og 6 frå Viken. Resten er fordelt på Møre og Romsdal, Rogaland, Innlandet og Agder. I tillegg kan det vera nokre søknader som er sende inn på papir og som ikkje er registrert i systemet enno.

## 3 Samla tilbakemelding frå aktørar tilknytt fruktnæringa

### 3.1 Situasjonen og skadde tre

Kartlegginga viser at det er ein majoritet av nye felt med alder 1-5 år som er hardt ramma, med eit samla tal på om lag 114 000 tre fordelt på 114 fruktprodusentar. Største delen av dei ramma fruktprodusentar er i Vestfold og Telemark. Etter NIBIO si vurdering vil frukttrø som er svekka av frost og andre stressfaktorar som tørke og for mykje vatn, vera meir utsette for å utvikla sjukdommar og soppangrep. Svekka tre vil òg vera meir attraktive for lauvtrebarkbiller. I tillegg er svekka tre mindre robuste og sjukdomsangrep kan bli meir alvorleg, samstundes som trea kan vera smittekjelde for angrep på naboetre som i utgangspunktet ikkje er svekka (NIBIO).

### 3.2 Tilgang på nye tre

Nordgrønt opplyste at tre til planting i 2024 må bestillast ved årsskiftet. Norsk Landbruksrådgivning har og peikt på at leveringstida for nytt plantemateriale kan vere lang. Trass i ein stor marknad er det berre spesifikke sortar som kan dyrkast i Noreg pga. kort vekstsesong og klima. Det blir dyrka fram noko plantemateriale i Noreg, men majoriteten blir importert frå Nederland eller Belgia. For å få tilgang på rett tresort må det varslast i minimum 2-3 år i forkant viss ein skal importera frukttrø frå Europa inn til Noreg. Ved bestilling av frukttrø må ein del av kjøpesummen betalast på forskot. Alle

aktørar, som Nordgrønt og Gartnerhallen, rapporterer at det ikkje er tilgang på tre til planting i 2022. Ein kan få tak i tre av korrekt sort i 2023, men dette avheng av rask bestilling.

### 3.3 Situasjon på etablering av nye felt

Norsk Landbruksrådgivning har oppgitt at fruktprodusentar som er hardt ramma av frostskeidar, må vurdere å planta nye felt. Kostnaden for nyplanting av felt vil variere. Prisen per dekar låg i slutten av september på rundt 80.000 kroner + mva. med alt inkludert, kor 50 % utgjer kostnader med plantemateriale og arbeid. Resten av kostnadene vil gjelde støttesystem, viltgjerde, vatning og anna arbeid. Trekostnadene utgjer frå 85 til 185 kroner per tre avhengig av kvalitet, sortsavgift, transportmetode, type frukttre mm.

Norsk Landbruksrådgivning peikar på at frukttre er ein langvarig kultur. Startar ein opp med dårleg plantemateriale, ueigna sort og/eller dårleg oppfølging ved planting, kan dette redusere avlingspotensialet til eit felt i 15-20 år, som om lag svarar til omløpet for eit epletre etter planting. Felt som delvis har døydd eller vorte svekka etter vinter og vårfrosten vil mest sannsynleg gi konsekvensar for den resterande levetida til feltet (NIBIO). Kva som er formålstenleg tiltak for felt blir vurdert for kvart tilfelle. I nokre tilfelle er det best å rydda heile feltet, medan i andre tilfelle kan ein plante nye tre der det er behov (NLR).

### 3.4 Konsekvensar for dyrkarane

Norsk Landbruksrådgivning anbefaler å sjekka kva moglegheiter som finst for å «reparera» felt som er ramma av frost. Er det få tre som er døde/svekta, kan ein fjerne desse og plana nye tre. Tilgangen på tremateriale er ein avgrensande faktor, og viss felt blir rydda utan å erstattar med nye tre, vil arealet bli utan produksjon. Det kan ta meir enn dei 2-3 åra det normalt tek å få tak i nytt plantemateriale av eigna sort. I mange tilfelle er areala som er ramma av frost lite aktuelle til anna bruk. I tillegg er det brukt mykje ressursar for å tilpassa felta for frukt dyrking med oppsett av viltgjerde og investering i vatningsanlegg. Avlingane på eit moderne plantesystem kjem etter måten raskt; allereie året etter planting kan ein hausta ei lita avling. I følge Norsk Landbruksrådgivning vil ikkje eit tre bera full avling før det når topphøgda si, som først skjer 2-3 år etter planting. Frukttre AS medgir òg at frukttre som blir planta skal følgjast opp det første og andre året ved å knipa av blomane så treet ikkje ber frukt. Tar produsenten ut for stor avling dei første åra etter planting, vil ikkje treet samtidig kunna veksa fullt ut.

NIBIO har kommentert at sjølv om ein vel å pleie skadde felt, vil det krevja tid og ressursar å vareta desse, medan dei skadde felta framleis er utsatte for skadegjerarar. Sjølv med ressurs- og tidkrevjande vedlikehald er ein ikkje garantert at skadde tre kan produsere på line med tre som ikkje har vore utsett for slike frostskeidar.

## 4. Vurdering av tilgjengelege økonomiske ordningar

### 4.1 Erstatning for naturskeidar

Erstatningsordninga frå staten for naturskeidar er regulert i

- *Lov 15. august 2014 nr. 59 om erstatning for naturskader (naturskadeerstatningslova)*, og
- *Forskrift 7. juli 2016 nr. 904 om dokumentasjon, saksbehandling og erstatning etter naturskader (naturskadeerstatningsforskrifta)*

Formålet med den statlege naturskadeerstatningsordninga er å gi erstatning etter naturulykker slik at den skadelidne kan fortsetja verksemda si, sjå naturskadeerstatningslova § 1.

Lova gjeld for naturskade på fast eigedom og lausøyre i Noreg, med nærare avgrensingar gitt i § 2. Lova gjeld ikkje skade som råkar avling på rot, jf. § 2 tredje ledd Kompensasjon for tap av avling ytast etter forskrift 17. januar 2012 nr. 56 om tilskot ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon.

Naturskadeerstatningslova gjeld erstatning ved naturskade som «direkte skyldes naturulykke», sjå lova § 4 første ledd. I dette ligg at årsaka til naturskaden må skuldast naturulykke, og at skaden må vera ei direkte følge av naturulykke.

Lova § 4 første ledd gir døme på kva som blir meint med «naturulykke». Ei naturulykke er mellom anna «skred, storm, flom, stormflo, jordskjelv og vulkanutbrudd». Føresegna i § 4 er omtala i førearbeida i lova, Prop. 80 L (2013-2014) på side 58, der det står at:

En naturulykke er en enkelthendelse som fører til skader. Skader påført av ordinære naturkrefter over tid defineres ikke som en naturulykke. Dette er en videreføring av gjeldende lov § 4 første ledd, og tilsvarer den samme oppstillingen som fremgår av naturskadeforsikringsloven § 1 andre punktum. Oppstillingen av de ulike formene for naturulykke er ikke uttømmende, jf. ordlyden «så som».

Naturulykker som flodbølge og meteornedslag vil derfor også kunne omfattes. Ordlyden i lovtteksten, sett i samanheng med merknadene i førearbeida i lova, tyder at lovgivar har søkt å gi ei klar avgrensing av erstatningsordninga til einast å gjelda skadar som har si direkte årsak i naturulykker, slik at skadar som skylder ordinær påverknad frå naturkreftene ikkje er omfemna.

Landbruksdirektoratet si vurdering ut frå rettskjeldene, er at frost eller kaldt klima ikkje er å sjå på som ei naturulykke i naturskadeerstatningslova si tyding. Vinterskader på frukttrø kan derfor ikkje dekkjast etter denne ordninga.

## 4.2 Produksjonssvikt

Produksjonssviktordninga blir regulert i

- *Forskrift 17. januar 2012 nr. 56 om tilskudd ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon og*
- *Forskrift 1. august 2018 om satser for og beregning av tilskudd ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon (sats- og beregningsforskrifta)*

### 4.2.1 Kva ordninga dekker

Ifølgje forskrift om tilskudd ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon § 1 er føremålet med denne ordninga å redusere dei økonomiske tapa som oppstår ved produksjonssvikt som skuldast klimatiske forhold det ikkje er mogleg å sikra seg mot. Tilskot kan givast for svikt i avling på rot av mat- og fôrvekstar samanlikna med gjennomsnittsavlinga i vekstgruppa. Frukt er ei eiga vekstgruppe.

Ifølgje § 2 i tilhøyrande forskrift om satser for og utrekning av tilskot ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon, skal dokumentert eller berekna avling siste fem år før skadeåret, leggjast til grunn for utrekning av gjennomsnittsavlinga. Erstatninga per vekst blir berekna ut frå arealet i skadeåret multiplisert med gjennomsnittsavlinga for veksten i kg pr. dekar, jf. forskrifta § 6. Deretter blir trekt 30 % eigenrisiko, skadeårets avling i kg og avlingssvikt som ikkje skuldast klima. Denne summen blir multiplisert med fastsett sats for veksten i kg.

Dette betyr at produksjonssvikt som kjem av klimatiske forhold i utgangspunktet berre kan gi rett til tilskot for det året skaden oppstår. Ifølgje Rundskriv 2021-30 (kommentarar til forskriftene om tilskot ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon), pkt. 2.5.2, kan det likevel bereknast tilskot òg ved følgjeskadar av vinterskadar i frukt- og bærproduksjon. Dette kan gjeld mellom anna frukttrø, der

det kan givast tilskot for avlingssvikt også andre året etter ein vinterskade (følgjeskade). Det vil i slike tilfelle vera nødvendig med ny søknad for år det andre året, og det må påvisast årsakssamanheng med frostskaaden. Det blir ikkje gitt tilskot for følgjeskadar utover det andre året, mellom anna ut frå ei vurdering av årsakssamanheng.

Det er ikkje gitt utrekningsreglar for tap dei følgjande åra som på grunn av av frostskaadar. Tilskotet kan likevel berre gjevast for tapt avling og ikkje til å dekkja innkjøp av nye tre. Det kan takast utgangspunkt i same utrekningsmåte som for første skadeår.

Føresett at produsentane kan dokumentere skaden og leggje fram nødvendig dokumentasjon, vil produksjonssviktordninga kunna dekkja slike tap for skade på frukttrær skjedd vinteren 2020/2021:

- 2021: (tal dekar fruktareal i 2021 x gjennomsnittsavling per dekar for 5 av 6 førre år - 30 % eigenrisiko - avling i 2021) x tilskotssats for veksten i kr/kg
- 2022: (tal dekar fruktareal i 2022 x gjennomsnittsavling per dekar for 5 av 6 førre år - 30 % eigenrisiko - avling i 2022) x tilskotssats for veksten i kr/kg
- 2023 og utover: Ikkje rettkomen tilskot gjennom ordninga

### 3.2.2 Vurdering opp mot skadeomfang

Ved søknadsfristen for ordninga var det for vekstsesongen 2021 registrert 39 søknader om tilskot ved produksjonssvikt i vekstgruppe frukt. Om lag 2/3 av desse er frå Vestfold og Telemark og Viken, og ein rask gjennomgang av søknadene viser at dei i all hovudsak gjeld produksjonssvikt på grunn av frostskaader. Dette gjeld òg enkelte søknader frå andre delar av landet. Det økonomiske omfanget av søknadene som gjeld frostskaadar er likevel ikkje kjente.

Ut frå skadebildet og situasjonen slik den er gjort greie for, kan det vera grunn til å gå ut frå at nokon av dei produsentane som er råka, ikkje har søkt tilskot ved produksjonssvikt i 2021. Grunnen for dette kan vera at om ein ser bort frå vinterskaadane, var avlingane uvanleg gode denne dyrkingssesongen. Dei gode avlingene frå upåverka delar av arealet vil då vega opp for delar av avlingstapet slik at samla avling vil koma over 70 % for den enkelte produsenten. Ein vil då ikkje ha rett til tilskot frå ordninga. Likevel vil ein kunna sjå for seg at omfanget av søknader på grunn av følgjeskaadane kan bli større i 2022 enn i 2021. Dette som følgje av at råka/reduerte tre som likevel har bore avling i 2021, ikkje vil greie ei ny overvintring og gå ut på grunn av skade frå vinteren 2020/2021.

## 3.3 Produksjonstilskot

### 3.3.1 Innleiing

Produksjons- og avløyartilskot er ei fellesnemning for fleire tilskotsordningar som føretak med husdyr- og/eller planteproduksjon kan søka om, og utgjer ei viktig inntektskjelde for mange føretak. Formålet med desse tilskota er å bidra til eit aktivt og berekraftig jordbruk innanfor dei målsetjingane Stortinget har trekt opp, jf. forskrift om produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket (frå no av omtalt som «PT-forskrifta») § 1.

Felles for dei tilskotsordningane som er samla i forskrift om produksjonstilskot, er at føretaket må oppfylle visse grunnvilkår etter § 2 i forskrifta for å ha rett til tilskot. Mellom anna må føretaket driva «vanleg jordbruksproduksjon».

Spørsmålet om føretaket driv «vanleg jordbruksproduksjon», må vurderast ut frå eit jordbruksfagleg skjøn. For å oppfylle kravet om å driva vanleg jordbruksproduksjon, må produksjonen ha eit næringsmessig preg. Leveransane frå produksjonen skal stå i samsvar med talet på dyr, eller storleiken på arealet det blir søkt tilskot for. Det må vurderast om produksjonen er for ekstensiv eller



manglar næringsmessig forankring. Ved avvik frå kva som blir rekna som vanleg jordbruksproduksjon, må det likevel takast høgde for ulike driftsformer og normale variasjonar i drifta.

For føretak med fruktproduksjon er det arealtilskotet etter PT-forskrifta § 4, og tilskot til grønt- og potetproduksjon etter § 5 som er aktuelle. I tillegg til å oppfylle grunnvilkåra etter § 2, må føretaka oppfylle dei enkelte vilkåra som følgjer av §§ 4 og 5.

### 3.3.2 Arealtilskot

Etter § 4 i PT-forskrifta blir det gjeve areal- og kulturlandskapstilskot til føretak som har «disponert» jordbruksareal i vekstsesongen og areala må vera drive «aktivt». Tilskotet blir rekna ut frå storleiken på arealet (målt i dekar) multiplisert med satsen som gjeld for vekstgruppa som blir dyrka på arealet. Føremålet med areal- og kulturlandskapstilskotet er å bidra til å skjøtta, halda ved like og utvikla kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å halda jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Tilskotet medverkar òg til å styrka og jamna ut inntektene mellom ulike produksjonar, og mellom distrikta.

Kravet om «aktiv drift» etter § 4 i PT-forskrifta, er ei presisering av kravet om vanleg jordbruksproduksjon. Vilkåret om «vanlig jordbruksproduksjon» og «aktiv drift» må sjåast i samanheng. Aktiv drift inneber at det må føregå ein reell produksjon på areala føretaket søker tilskot for. Dette betyr mellom anna at det må vera utført nødvendig jordarbeiding, såing/planting, gjødsling og hausting/beiting av arealet. Kor ofte dette må utførast vil vera avhengig av vekstgruppa. For eittårige vekstar må føretaket utføra jordarbeiding, såing/planting og nødvendige tiltak gjennom vekstsesongen med sikte på å omsetja avlinga etter vekstsesongen. For fleirårige plantar må nødvendig jordarbeiding og hausting vera utført innafør normale intervall.

Veksten må vera etablert så tidleg at den normalt kan haustast/blir beitt same år. Unntak frå dette blir mellom anna gjort for areal med vekstar som normalt ikkje gir avling første året eller dei første åra, slik som nyplanta frukt- eller bærfelt.

Føretak som driv fruktproduksjon, og som er ramma av skader på frukttræa som følgje av vinteren 2020/2021, vil i varierende grad ha utsikt til å produsere avling i søknadsåret 2021. I utgangspunktet vil dei dermed heller ikkje oppfylle vilkåret om «vanleg jordbruksproduksjon» etter § 2, eller «aktiv drift» etter § 4.

Likevel følgjer det av kommentarrundskrivet til PT-forskrifta at i tilfelle der avlinga er øydelagd av tørke, flaum eller liknande, kan vilkåret om «vanleg jordbruksproduksjon» og «aktiv drift» vera oppfylt viss føretaket har utført dei normale arbeidsoppgåvene, og gjer det som objektivt sett kan oppfattast som ei forsvarleg og god drift ut frå eit landbruksfagleg skjønn. Vinterskade i det omfanget det er gjor greie for her, kan hamna inn under denne kategorien.

Innspel frå aktørane tilknytt fruktnæringa viser at det er forskjell frå felt til felt når det gjeld kva som vil vera det mest agronomisk og økonomisk forsvarlege. I nokre tilfelle vil det vera forsvarleg å byta ut alle plantar i eit felt, medan i andre tilfelle kan det vera aktuelt berre å klippa ned skadde tre, slik at slik at ein likevel vil ha en viss produksjon. I alle høve er det avgjerande for arealtilskotet at føretaket har utført dei normale arbeidsoppgåvene, og gjer det som objektivt sett kan oppfattast som ei forsvarleg og god drift ut frå ein landbruksfaglig ståstad slik det er omtalt i rundskrivet.

Såleis kan føretak som har fjerna alle buskane eller træa på eit areal, oppfylle vilkåret om «vanleg jordbruksproduksjon» og «aktiv drift» for søknadsåret 2021 dersom dette blir vurdert som forsvarleg i det konkrete tilfellet. Dersom føretaket får tak i nye tre eller buskar og plantar desse i 2022, vil føretaket òg for dette søknadsåret oppfylle vilkåra. Viss føretaket derimot har fjerna eit heilt felt i

2021, og ikkje planta nytt i 2022, kan det vanskeleg seiast å oppfylle vilkåra for arealtilskot i 2022. Dersom eit føretak, i strid med det som kan reknast som forsvarleg og god drift, lèt tre stå igjen med føremå om å oppnå tilskot også i 2022, er det tvil om dette kan sjåast på som å vera i tråd med «vanleg jordbruksproduksjon».

### 3.3.3 Tilskot til grønt- og potetproduksjon

Etter § 5 i PT-forskrifta blir det gitt distriktstilskot for mellom anna frukt og bær. Føremålet med tilskotet er å betra inntekta for yrkesprodusentane innan grøntsektoren og sikra ein geografisk spreidd produksjon. Tilskotet blir berekna ved å multiplisere kg vare med satsane som er fastsett i jordbruksavtala. Satsane varierer mellom soner og mellom kulturar.

Vilkåret for å motta distriktstilskot er at føretaket har omsett vara i søknadsåret, det vil seia i perioden 1. januar til 31. desember året før utbetalingsåret. Med omsett vare meinest levering av vare mot vederlag. Ordlyden «vare» femnar om både råvarer (frukt, bær, grønt eller potet som ikkje er omarbeidd) og omarbeidde varer (som til dømes saft eller syltetøy).

Dersom føretaka som følgje av vinterskade i fruktproduksjonen ikkje har kunna omsetja varer, oppfyller dei ikkje vilkåret for å motta tilskotet.

## 4.4 Investeringstilskot

### 4.4.1 Innovasjon Norge

Innovasjon Norge kan dekke tilskot til investeringar i frukt- og bær dyrking. Tapte inntekter blir ikkje dekte, men ein kan søka om støtte til nyinvestering av frukttre til planting av nye felt. Innovasjon Norge har i tidlegare år hatt særskilde prioriteringar, til dømes i 2021, der frukt-, grønt- og vekstnæringa har vore prioritert. For frukt- og bær dyrking kan det givast tilskot til nyplanting innan økologisk frukt- og bær dyrking (ekskludert jordbærplantar) med inntil 50 % av godkjente kostnadsoverslag. Ved konvensjonell dyrking kan det gjevast inntil 35 % i støttesats, og tilskot til nyplanting blir vurderte individuelt. Basert på erfaringar ligg støttesats for konvensjonell produksjon i intervallet 25-30 % prosent for eple, pærer og plommer og 30-35 % for morellar med dekkesystem.

Innovasjon Norge kan bidra til å dekke anleggskostnader som ikkje blir dekte av erstatning, føresett at skaden er av eit visst omfang. Dette blir vurdert i samheng med m.a. kor mykje fruktdyrkinga betyr for den samla økonomien og kor stor del av frukthagen som må fornyast. Føretak med fruktproduksjon må søka og konkurrera på lik line med andre søkarar om støtte. Kva produksjonar som blir prioriterte kan variera mellom fylka. Skadeomfanget blir vurdert kvart enkelt tilfelle og i kva grad Innovasjon Norge kan dekke dette vil vera ei individuell vurdering av kvar enkelt søknad. (Ref. Innovasjon Norge)

## 4.5 Forsikringsordningar

### 4.5.1 Gjensidige

Forsikringsordninga som blir tilboden til frilandprodusentar dekker ikkje denne typen skadar. Det næraste dekninga Gjensidige har ved avlingssvikt fell inn under den statlege erstatningsordninga. Denne dekninga er sikta inn på å dekke delar av eigenrisikoen ved den statlege ordninga. Følgjande føresetnader gjeld for dekninga: Avlingssvikten er berettiga erstatning etter "Forskrift om erstatning ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon". Forsikringa må teiknast før vekstsesongen tek til. Forsikringa dekker plutsleg og uventa skade ved avlingssvikt forårsaka av klimatiske forhold i forsikringstida.

## 4.6 Andre tilskotssordningar

### 4.6.1 Erstatning etter offentlige pålegg - planteskadegjørere

Erstatning etter offentlege pålegg skal redusere den økonomiske belastninga ved å gjere tiltak mot planteskadegjerar, dyresjukdomar og smittestoff som er pålagt med heimel i matlova. Forskrifter om erstatning for tiltak som blir pålagt for å førebygga eller kjempa mot planteskadegjerarar er heimla i matlova § 22, tredje ledd. Retten til erstatning etter offentlege pålegg gjeld utgifter og tap som kjem av at Mattilsynet har gjort vedtak om destruksjon. Sidan frostskafer på frukttre ikkje er knytt til noko vedtak om destruksjon frå Mattilsynet, vil ikkje denne erstatningsordninga gjelde her.

### 4.6.2 Andre kompensasjonsordningar

Det er ikkje andre openberre kompensasjonsordningar som dekkjer driftstap i liknande situasjonar der frostskafer har ført til omfattande tap av avling. Dette sær for ordningar der ein kan kompensera for tap dei åra fruktprodusent blir skadelidande viss ein ikkje får tak i nye tre til planting. Det eksisterer heller ikkje ordningar som gir erstatning for frostskafer på tre for å rydda, klargjera og fornya felt.

## 5.Vurdering av ordningar samla sett

Ordningane som gjeld naturskafer og offentleg erstatning etter pålegg frå Mattilsynet er ikkje aktuelle i ein situasjon med omfattande skadar på produksjonsgrunnlaget som følgje av frostskafer, då regelverket for desse ordningane ikkje omfattar denne typen skade. For midlar til planting av tre må kvar enkelt fruktprodusent søkje og konkurrere på lik line med andre søkjarar. Gjensidige har opplyst at det ikkje eksisterer andre forsikringsordningar enn dekninga som gjeld avlingsvikt som er berettiga erstatning etter "Forskrift om erstatning ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon."

### 5.1 På kort sikt

Av økonomiske tilgjengelege ordningar som er vurderte i utgreiing er det i hovudsak produksjonssvikt- og produksjonstilskotsordninga som fruktprodusentar kan søka på. Samla sett kan produksjonssviktordninga avhjelpa på kort sikt. Tilskot gjennom denne ordninga vil likevel berre kunna gjevast til å redusera økonomisk tap som følgje av svikt i avling på rot og ikkje til investeringar i nye tre eller liknande. Året 2021 var eit godt avlingsår for fruktprodusentane sjølv om det vart rapportert om eit stort skadeomfang hjå mange fruktprodusentar i Vestfold og Telemark.

Produsentane kan ha rett til produksjonstilskot for sesongen 2021, også sjølv om alle tre eller buskar er fjerna frå arealet. Det avgjerande er at tiltaka produsenten har utført er forsvarlege frå eit jordbruksfagleg standpunkt.

### 5.2 På lengre sikt

Produksjonssviktordninga vil ikkje kunne dekkje tap som følgje av frostskaferne vinteren 2020/2021 for seinare år enn vekstsesongen 2022. Ordninga vil såleis ikkje gi tilskot eller erstatta produksjonstap som følgje av skadde tre eller felt som er fjerna frå og med 2023.

For å vera berettiga produksjonstilskot er det mellom anna sett som grunnvilkår at det blir drive «vanleg jordbruksproduksjon». For 2022 må dette vurderast konkret for kvar enkelt produsent, utsett for frostskafer vinteren 2020/2021. For produsentar som har late det stå igjen nokre få tre eller buskar på det omsøkte arealet i 2022, må det vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle, om kravet til vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt. Produsentar som har fjerna alle trea, og heller ikkje har planta nye buskar eller tre, vil vanskeleg kunna seiast å oppfylla vilkåra for å motta produksjonstilskot.

Det er gitt tilbakemeldingar på at tre for planting i 2022, og kanskje også i 2023, allereide er utselt. Aktuelle frukttre sortar vil dermed ikkje vera tilgjengeleg før tidlegast 2023 og 2024, med atterhald om at ein legg inn bestilling på nye frukttre minimum to-tre år i forkant. Etter nyplanting av døde eller skadde tre reknar ein at det vil ta minst 4-5 år etter planting før dei ber like store avlinger. Frukttre er langvarige vekstar som må skjøttast agronomisk forsvarleg og det vil ta nokre år før nyplantingar ber full vekst. Det er avgjerande for fruktprodusenter at det ikkje blir eit langt tidsrom mellom rydding og nyplanting.

Tilgjengelege ordningar er tilskotsbaserte, og har ikkje som formål å erstatta store tap av produksjonsgrunnlaget, slik som store frostskeidar som har resultert i store felt med skadde og døydde tre. Andre ordningar som er kartlagte og vurdert, kan ikkje erstatta tap eller gi middel til nye tre. Innovasjon Norge kan dekkje ein viss del, men her må fruktdyrkarar som er råka av skade søkje og konkurrere om midlar på lik linje med alle andre. Eksisterande ordningar kan ikkje dekkje tap av produksjonsgrunnlaget over den tida det tar å få etablert nye felt, og heller ikkje erstatta nye tre der ein har yngre felt, i det omfanget som er dokumentert etter kartlegginga gjort sommaren 2021.

## 6. Referansar

NIBIO

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Gartnerhallen

Nordgrønt SA

Fruktre AS

Innovasjon Norge

Gjensidige